



Leiar i UU, Kristian Bringedal, ønskjer ei oversiktleg oppslagstavle med god informasjon.

**Informasjonstavla i sentrum kan vera til stor nytte både for fastbuande og tilreisande. For at dette skal oppnåast, er det viktig at det er aktuell og oppdatert informasjon som er der. Dette har svikta, og derfor var det heilt nødvendig med ei større opprydding.**

I midtfeltet er det ulike lag og næringsdrivande som har kjøpt seg plass til informasjon i låste monterar. Då mykje av denne informasjonen har vorte gammal, uaktuell og blass, har Uskedal Utvikling oppfordra brukarane til opprydding. Med bakgrunn i dette har leiaren i UU, Kristian Brigedal, i dag teke seg av å rydda vekk gamle og uaktuelle oppslag.

No oppfordrar han alle som har plass på oppslagstavla om å setja inn ny, aktuell informasjon med fine bilete. Dersom det er nokon som ikkje kjem til å bruka plassen, ber han dei om å ta kontakt slik at andre eventuelt kan få gjera seg nytte av denne plassen.

Det er mange tilreisande som søker til denne tavla no i ferietida for å finna informasjon om tilbod i bygda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland